

Årsmøte 2002 den 20/2 kl 19.30

i Sørre Hemsing

Sakliste

1. Godkjenning av innkalling
2. Godkjenning av sakliste
3. Val av ordstyrar
4. Val av skrivar
5. Val av to til å underskrive protokollen
6. Årsmelding
7. Rekneskap
8. Budsjett
9. Kontingent (også til regionlaget via LFS?)
- 10.Val
- 11.Val av utsending til årsmøte i LFS
- 12.Val av to utsendingar til VFL sitt årsmøte samt representant til styret.
- 13.Arbeidsprogram
- 14.Kunngjeringar

Årsmelding for år 2001

Siste årsmøte vart halde i Sørre Hemsing den 19.2.2001.
Der var det 8 frammøtte.

Desse vart valde:

Leiar: Nils Leine
Styre: Kari Hagaseth(attval)
Ingrid Skavhaug(attval)
Tron Kittelsen
Nils Rogn
Vararepr: Jan Sparstad
Guro Kvam
Valnemnd: Jan Sparstad(Ny)
Kari Birgit Lien
Revisorar: Arne Belsheim
Boye Thorpe

Medlemstal

58, ein auke på 2 frå året før.

Styremøte

Styret har hatt 5 møte.

Representasjon

Lag / Møte

Vang Sang og musikkråd
Valdres folkemusikklag
Utsending på årsmøte i LFS
Utsending til årsmøte VFL
Nils Rogn har vore leiar i VFL

Representant(ar)

Nils Leine
Nils Rogn
Ingen
Karin Trøen og Jan Sparstad

Utdeling av Sylvfela

Den 19. januar 2002 vart sylvfela delt ut til Arvid Jacobsen Myhre. Då feira han 80-årsdagen sin. Ola Norvald Hagen stod for overrekkinga.

Tilstelningar

Lokalkappleiken på Åsvang den 24/3/2001. Her var det 48 startnummer i dømde klasser og 14 i rekruttklasse. Det var arrangert villspringar og konkurranse i gamaldans(runddans) der alle var med. Arrangementet var vellukka og gjekk med eit overskot på ca. kr 2 500. Det var stor oppslutning frå lagsmedlemmer og det var hovudgrunnen til at det gjekk så bra.

Medverking i konsertar m. m.

Det var deltakarar frå Valdreskvelven på 100-års jubileet til Valdres Fokemuseum
Fleire av medlemmene var med på "Vangsveka" på museet og særleg på den siste kvelden med underhaldning frå Vang.

Kapleiksdeltaking

Lokalkappleiken og Runddansstemnet i Vang. Det var fleire deltakarar med i lokalkappleiken. Det gjeld særleg dei yngste, og dei gjer det også svært godt. I kveding eldste klasse toppa Kari Hagaseth i 2001.

Jørn Hilme-stemnet Vi hadde ansvaret for ein busstur gjennom Vang. Jon Eggen, Nils Rogn og Sigfred Hovda var stødige turleiarar. Det var pause med middagsservering på Leine. Det vart også laga eit hefte med stoff frå bygdeboka og tidsskrift for Valdres Historielag om spelemenn frå Vang.

Strunkeveka:

Her deltok også i år fleire unge frå Valdreskvelven. Laget støttar dei litt økonomisk.

Instrument i laget

Vi har to feler og to langeleikar til utlån. Felene og ein langeleik er lånt ut. Ein langeleik er i forvaring hjå Kari Hagaseth. Kontrabassen vart i 2001 reparert, bl a er det sett på ny stol.

Dansegolv

Dette ligg framleis ved Sørre Hemsing, men vi må få eit betre lager. Det bør også reparerast.

Medlemsaktivitetar

Felegruppa har hatt nokre få øvingar i løpet av året.

Nils og Andris har gjort ein stor innsats med dei unge hallingdansarane. I tillegg er Kari Hagaseth , Karin Trøen og Ingrid Skavhaug med på danseøvingar for dei minste. Her har det vore mellom 15 og 20 på øvingane.

Ein aktivitetsekveld på VBU var svært vellukka. Der var Nils Rogn og Lars Østby Hemsing med og instruerte i godkarstykkje og hallingdans.

Konsertar

Trond har gjort mange utspel mot aktørar for å få til ein konsert. Det har ikkje lukkast i året som har gått. Men vi ser fram til konsertar like etter årsmøtet og håpar at det kan bli endå fleire i løpet av året.

Sluttord

Det har også i år vore aktivitet i laget. Lokalkappleiken er sjølvsagt det største lyftet. Men det har vore støtte å få til det både frå medlemmer og andre.

Det er mange unge som er interessert i dans, og det må det byggjast vidare på.

Folkemusikken slit for tida litt i motbakke, det gjeld ikkje berre her. Utfordringa framover blir å laga treffstader der folk blir glade for at folkemusikken er med. Då kan vi også ha håp om å auke rekrutteringa.

Vang, den 20. februar 2002

Styret i Valdreskvelven.

Arbeidsplan for 2001/2002

1. Medlemsverving
 2. Påskefest på Vennis
 3. Danse- og speløving
 4. Innkjøp av opptaksutstyr
 5. Konsert med kjende kunstnarar
 6. Pubkomité skal ta seg av felles turar og andre sosiale tiltak
 7. Innsamlingsarbeid
-